



MØTEREFERAT

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet

Referat frå: Styringsgruppa **Møtedato:** 27.03.2015 **Tid:** 09:30 – 12:00

Møteleiar: Tom-Christer Nilsen **Møtestad:** Fylkeshuset **Arkivsak:**

Referent: Snorre Waage/Hans-Christian Engum **Ref.dato:** **Arkivnr.:**

Deltakarar: Tom-Christer Nilsen, Astrid F. Selsvold, Mona Røsvik Strømme, Torill Selsvold Nyborg, Mona Haugland Hellesnes, Gustav Bahun, Eva Herdlevær, Astrid Aarhus Byrknes, Nils Marton Aadland, Jon Askeland, Marit Aase, Kari-Anne Landro, Eirik Haga, Åse Gunn Husebø, Bård Sandal, Marit Rødseth, Hans-Christian Engum, Snorre Waage

Referat frå møte i Styringsgruppa – Regional plan for Bergensområdet 27.03.2015

8/15 Dagsorden og referat frå møte 23.01.15

Ingen kommentarar.

9/15 Utkast kapittel 2 - Senterstruktur og utbyggingsmønster, gjennomgang ved Hans-Christian Engum

Kapittel 1.1 til 1.3 ble gjennomgått. Innspel frå styringsgruppa undervegs:

- *1.3.1 - Regional fordeling av vekst:*
 - Vaksdal hadde ved ein feil falt ut av tabellen, og vil bli satt inn.
- *1.3.5 - Framtidas utbyggingsmønster:*
 - Formuleringane i dette underkapittelet er for uklåre. Dette gjelder særleg for avsnitt *B* om *Vekstsonar*.
 - Planen må vere fleksibel og ikkje for detaljert.
 - Planen må vere fleksibel nok til å takle eventuelle endringar i kommunestrukturen.
 - Det vart foreslått at ein skriv eit underkapittel om korleis retningslinene skal forstås og brukas i praksis.

Styringsgruppa var samde om at kapittel 1.3.5 om framtidas utbyggingsmønster må bearbeidas. Det vart bestemt at kapittelet skal vidareutviklast i tråd med styringsgruppa sine intensjonar om ein fleksibel og ikkje for detaljert plan. Det vert ei ny gjennomgang av dette kapittelet i styringsgruppa.

10/15 Utkast kapittel 4 – Bustadområde, gjennomgang ved Snorre Waage

Innspel Planskildring:

- 4.3.3.1 – *Bustad for alle – valfridom*: Synleggjere at illustrasjonane her er ei teoretisk tilnærming som ikkje skal lesast bokstaveleg

- 4.3.4.1 – Prinsipp for fortetting med kvalitet
 - Diskusjon rundt kva det betyr å *sikre særpreg og kulturmiljø*. Det kan her vere målkonfliktar i planen; når ein på den eine sida ønskjer eit nytt og meir kompakt utbyggingsmønster, medan ein her seier at det skal vere i tråd med eksisterande særpreg og kulturmiljø. Mogelege målkonfliktar må bli sett nærare på.
 - Forslag om å fjerne heile dette underkapittelet (og tilknytte retningsliner), då dette allereie handterast av PBL, og blir fulgt opp av kommunane.
 - Planprogrammet seier at planen skal utvikle prinsipp for fortetting med kvalitet.
 - Styringsgruppa ønskjer at konkrete prinsipp for fortetting skal erstattast med meir beskrivande skildring, men at det skal føreligge ein retningsline som seier at «kommunane skal utvikle prinsipp for fortetting med kvalitet» for sin kommune. Slik kan kommunane sjølv tilpasse den ferdige utforminga av prinsippa etter lokale omsyn. Planskildringa skal utdjupe intensjonane bak dei ulike tema som skal ivaretakast.

Innspel Retningsliner

- Retningsliner for analysar
 - 1: Ok

- Retningsliner for medverknad
 - 2: Ok

- Retningsliner for arealbruk
 - 3: Ok
 - 4: Ok
 - 5: Endra til: «Kommunane bør prioritere kollektivorientert utbygging ved å i hovudsak lokalisere bustader i regionale og lokale vekstsoner og langs eksisterande kollektivtrasear».
 - 6: Endra til: «Nye bustadområde skal ha dokumentert trygg veg til grunnskule og kollektivstopp»
 - 7: Endra til: «Kommunane bør leggje til rette for tett utbygging i vekstsoner».
 - 8: Retningslina endras. Kommunane skal sikre kvalitet i bustadområde i kommuneplanar. Planskildringa kan omtale kva vi meiner er viktige kvalitetar som bør sikras i den kommunale bustadplanlegginga.

11/15 Framdriftsplan og planlegging av neste møte 7. mai 2015.

Styringsgruppas medlemmer må planlegge for at styringsgruppemøtet 7. mai 2015 kan bli eit heildagsmøte. HFK vil umiddelbart forsøke å finne ein møtedato for eit ekstraordinært styringsgruppemøte i april som kan omhandle kapittel om *Senterstruktur og utbyggingsmønster*.